

KORLEIS SNAKKAR DU MED PASIENTEN ETTER SKADE?



Korleis snakkar du med pasienten om erstatning ved pasientskade?

Når pasienten har fått ein skade eller alvorleg komplikasjon har helsepersonell ei lovpålagd plikt til å fortelje om NPE (Norsk pasientskadeerstatning) og høvet til å søkje erstatning.

Kommunikasjon med pasienten

Stikkordet i alle samanhengar rundt pasientskadar er openheit. Dei aller fleste pasientane er opptekne av å få informasjon om kva som har skjedd. Du bør setje av god tid til ein samtale med pasienten og/eller pårørande. Pasientar som meiner dei har fått ein skade har krav på å bli tekne på alvor, uansett om de har forskjellige oppfatningar av situasjonen.

1

Snakk med pasienten og fortel om høvet til å søkje erstatning hjå NPE.

2

Overlat vurderinga av erstatnings-spørsmålet til oss.

3

Gi pasienten brosjyre med kontaktinfo til NPE.

Informasjon til pasienten

Meir informasjon finn de på npe.no. Her finn de brosjyre med informasjon til pasientar og søknadsskjema. De kan òg kontakte servicesenteret vårt på telefon 22 99 45 00.

Kven er NPE?

Vi er ein statleg etat som behandlar erstatningskrav frå pasientar som meiner dei har fått ein skade etter behandling i helsetenesta. Pårørande kan òg søkje om erstatning.

“Det beste rådet vårt til helsepersonell er å vere opne rundt det som har skjedd”



KVA SKAL TIL FOR Å FÅ ERSTATNING?

- Pasienten må ha fått ein skade
- Skaden må skuldast svikt i behandlinga
- Skaden må ha ført til eit økonomisk tap

KORLEIS SNAKKAR DU MED PASIENTEN ETTER SKADE?

NPE (Norsk pasientskadeerstatning) er ein statleg etat underlagd Helse- og omsorgsdepartementet. Vi behandlar erstatningskrav gratis for pasientar som er blitt påført skade innan helsevesenet.

På nettsidene våre npe.no finn du meir informasjon for tilsette i helsetenesta.

Norsk pasientskadeerstatning

telefon: 22 99 45 00

e-post: npepost@npe.no